

**Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:  
Saka er godkjend av fylkesrådmannen:**

Dokumentoversyn:  
Tal prenta vedlegg:  
Tal uprenta vedlegg:

## Reiselivsstrategi for Vestlandet

::: [Sett inn innstillingen under denne linja](#) ↓

**Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjere slikt vedtak:**

1. Vestlandsrådet ber fylkesrådmannen utarbeide eit notat der ein presenterer politiske utfordringar og gjer framlegg til vegval for styring av reiselivssatsinga på Vestlandet.
2. Vestlandsrådet ber Fjord Norge AS som reiselivsselskap for dei fire fylkeskommunane, utarbeide eit eige strateginotat om dei utfordringar dei ser som sentrale på kort og lang sikt samt presentere framlegg til løysingar for reiselivet på Vestlandet.

::: [Sett inn innstillingen over denne linja](#) ↑

... [Sett inn saksutredningen under denne linja](#) ↓  
Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

## **Saksframstilling**

### **1. Bakgrunn og utfordring**

#### ***Kva saka gjeld***

Vestlandet har i dag ingen samlande reiselivsstrategi som knyt saman dei ulike satsingane innan ferie og fritidsturisme og korleis samarbeidet mellom reiselivsnæringa og styresmaktene fungerer.

I denne saka vil vi gjere framlegg om at Vestlandsrådet utarbeider eit notat om reiselivet for Vestlandet. Målet med notatet er å sjå på kva for utfordringar reiselivet har på Vestlandet og korleis desse utfordringane kan møtast. I notatet bør ein òg vurdere om det er trong for ein meir samla reiselivsstrategi for Vestlandet. Med strategi meiner vi her kva som bør gjerast på eit meir overordna og politisk nivå, og i mindre korleis det skal gjerast (plan som skisserer aktivitet). Det siste vil vere opp til t.d. Fjord Norge, Innovasjon Norge, fylkeskommunane og destinasjonsselskapa å utarbeide for sine respektive område. Ein slik strategi kan gje ei tydlegare retning innanfor ein meir heilskapleg tilnærming til Fjord Noreg, Innovasjon Noreg, og fylkeskommunane innanfor reiselivet på Vestlandet.

Det arbeidet vi no ber Vestlandsrådet starte opp, må i denne omgang ha særleg fokus på roller og ansvar innanfor ei næring som på mange måtar synest å vere fragmentert og utan tilstrekkeleg overordna styring. Ettersom fylkeskommunane er eigarar av Fjord Noreg, er det naturleg å utfordre dei til å spele inn utfordringar og løysingar på kort og lang sikt. Er det grunnlag for å gå vidare med ein meir samla reiselivsstrategi for Vestlandet, er det viktig at fylkeskommunane først uttalar seg om dette og vurderer korleis eit slik arbeid skal organiserast som eit partnerskap.

#### ***Utfordringar og kvifor ein samla reiselivsstrategi***

Reiselivet i vid forstand består av fleire aktørar med ulike type roller og tenester. Ser vi på styring og ansvar har vi på den eine sida fylkeskommunar med sin egne reiselivsstrategiar i form av planar, strategiar, tenester og fagarenaer. Nasjonalt er Innovasjon Norge det ansvarlege organet for reiselivet. Medan Fjord Noreg AS, som er reiselivsselskapet for dei fire fylkeskommunane, har til oppgåve å koordinere det internasjonale marknadssamarbeidet i tett samarbeid med næringa sjølv. På same måte som fylkeskommunane, har Fjord Norge og Innovasjon Norge naturleg nok sine egne planar og strategiar for sitt arbeid.

Eit karakteristisk trekk ved reiselivsnæringa, er mengda av aktørar og fragmenteringa i næringa vi får som følgje av dette. Ser vi berre på mengde partnerar innan NCE (Norwegian Centres of Expertise) Tourism Fjord Norway er det nærare 100 partnerar fordelt på kategoriar som, opplevingsverksemder, kulturaktørar, transport og overnatting, skisenter, klyngeaktørar (t.d. destinasjonsselskap), FoU verksemder, offentlege og private finansaktørar (fylkeskommunar og bankar), og samarbeidspartnerar elles (t.d. NHO reiseliv, DNT). Det er ei utfordring å sjå denne fragmenterte næringa i eit meir heilskapleg Vestlandsperspektiv.

Målet for ein eigen reiselivspolitikkk på Vestlandet må vere å sikre auka lønsemd, auka grad av heilårs sysselsetting og bidra til levedyktige bygder på Vestlandet. Dette målet er òg i samsvar med nasjonal reiselivspolitikkk. Det betyr å legge til rette for verdiskaping lokalt og regionalt og elles følgje opp nasjonal politikkk og strategiar for reiselivet. I eit verdiskapingsperspektiv ønskjer vi at reiselivet både skal kunne gje overrislingseffektar (at gjestene nyttar pengane lokalt gjennom å kjøpe produkt og tenester der dei er på besøk) og at det gir ringverknader (t.d. ved at tenestenivået lokalt blir betra året gjennom grunna mange besøkande i turistsesongen (ane).

Norge – og fjordane på Vestlandet – har ved fleire høve blitt kåra til verdas beste naturbaserte reisemål. Då er det eit paradoks at Norge framleis er såpass lite kjend i utlandet og at vi faktisk opplever nedgang i mengde gjestedøgn utanfor byane. Reiselivet er ein av fem prioriterte område i Soria Mora erklæringa til regjeringa. Den gjeldande nasjonale reiselivsstrategien har ein visjon om “verdifulle opplevingar” og har kalla sin rapport om nasjonal reiselivsstrategi det same. Denne strategien er frå 2007 og ikkje oppdatert. Ein regional reiselivsstrategi vil på ein meir samla og sterkare måte kunne vere med å legge føringar på ein nasjonal politikk for reiselivet. I første omgang er det nok eit mål i seg sjølv å argumentere for ei oppdatering av norsk reiselivsstrategi.

Eit argument for å sjå meir samla på ein reiselivsstrategi på Vestlandet, er òg at dei regionale forskingsfonda som for fondsregion Vestlandet (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane) nettopp har peika ut reiseliv som eit av fire hovudtema.

### **Vurdering**

Fylkesrådmannen ser reiselivsnæringa som ei særskild viktig næring på Vestlandet. Dette er ei næring som på ein god og profesjonell måte forvaltar og presenterer både naturgjevne ressursar og menneskeskapte kulturelle uttrykk med basis i Vestlandet. På den eine sida har reiselivsnæringa vakse raskt i vårt land – frå 20 000 besøkande ved inngangen til 1900-talet til nærare 4 millionar i dag – og potensiale for auka verdiskaping i denne næringa lokalt og i byane er særleg gode på Vestlandet. På den andre sida har vi ei stor utfordring ved at næringa er såpass fragmentert og utan god nok overordna styring regionalt.

Fylkesrådmannen ser eit sterkt samspel innanfor reiselivsnæringa og mellom styresmakter og næringa som avgjerande for å få eit best mogeleg løft for reiselivet på Vestlandet. Ved å be Fjord Norge utarbeide eit utfordringsnotat, vil fylkesrådmannen ha eit betre grunnlag for å vurdere nærare korleis vi kan gå vidare. Det er derfor naturleg at saka får ei oppfølging i Vestlandsrådet i neste møte, men at ein ber fylkeskommunane om innspel på dei utfordringane og løysingane vi ser føre før Vestlandsrådet får saka til ny handsaming. Dette vil sikre eit godt grunnlag for Vestlandsrådet for eventuelt å gå vidare med omsyn til eit meir samla strategiarbeid for reiselivet på Vestlandet. Inkludert her er ei vurdering av korleis ein skal organisere eit slikt arbeid.

Fylkesrådmannen vil be næringsgruppa i Vestlandsrådet ha ansvar for prosessen fram til neste møte i Vestlandsrådet.

Fylkesrådmannen vil derfor rå til at Vestlandsrådet utarbeider ein notat der ein presenterer politiske utfordringar og gjer framlegg til vegval for styring av reiselivssatsinga på Vestlandet. Rolleavklaring og vurdering av auka oppsplitting i reiselivet med omsyn til styring, operativt ansvar, organisering og næringsaktørar innan reiselivsnæringa i vid forstand bør vektleggast. Det må i notatet vurderast om det er trong for å utarbeide ein meir samla reiselivsstrategi på Vestlandet og korleis dette skal organiserast. Som del av dette arbeidet meiner fylkesrådmannen Fjord Norge AS må utfordrast til å utarbeide eit eige strateginotat om dei utfordringar dei ser som sentrale på kort og lang sikt samt presentere framlegg til løysingar for reiselivet på Vestlandet. Før saka kjem attende til vidare handsaming i Vestlandsrådet, bør ein invitere fylkeskommunane til å vurdere korleis ein saman best kan løyse utfordringar i reiselivssektoren på Vestlandet på.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

---

Vestlandsrådet  
Saksbehandlar: Trond Ueland  
Arkivsaksnr.: 11/10

---